

Røssland forlet Vertshuset

17.12.2009



Røssland og Maria Laxheim saman med Göteborg-jentene Johanna Oxling og Linn Holmeskog ved sesongslutt sist sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Røssland, som har vore eigar av Vertshuset i Uskedalen i 3 ½ år, kunngjer no at han skal forlata huset og at julefest-arrangementet laurdag blir det siste i huset for hans og samboaren Maria Laxheim sin del. Han overlet til eit advokatfirma å selja eigedomen.**



VERTSHUSET I USKEDALEN  
har gleden av å invitere deg til et siste arrangement

# JULEFEST

## med bartømming

Lørdag 19. desember  
20.00 til 01.30

Danseorkesteret EDO spiller hits fra kl. 21.30  
og det blir disco mellom øktene.

Meget gunstlige priser i baren.

Cover 100,-  
Billetter fåes kjøpt i døren.

Hjertelig velkommen!



Slik kunngjør Røssland og Maria Laxheim at dei no forlet Verthuset.

Det var sommaren 2006 den 22 år gamle uskedelingen kjøpte Verthuset av Oddvar Myklebust for to millionar kroner etter at huset hadde stått tomt i tre år. Han gjennomførte ein omfattande renovering av huset.



Kva skal det no bli til med Vertshuset? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Røssland hadde ein solid økonomisk ryggrad. Selskapet hans, Verdiutvikling, hadde året før omsett for 19,2 millionar og gjort gode pengar på eigedomsinvesteringar i Bergen.

Han hadde ikkje ønskje om å driva Vertshuset sjølv, men måtte trå til det då det ikke var mogeleg å finna ein drivar. Han og vertskapet har hatt ope sommar- og julebordsesongane 2008 og 2009, men sidan i mai i år har huset vore til sals, sist for 3 millionar kroner.

Etter siste sesong kunngjorde Røssland og driftsleiar Maria Laxheim at dei måtte innskrenka til utleige til lukka lag på grunn av sviktande besøk. Dei uttrykte då skuffelse over at ikke fleire frå bygda besøkte Vertshuset.

Paret gav uttrykk for at dei hadde satsa på Vertshuset fordi dei tykte det var gøy, men at det galdt berre inntil eit visst punkt. Det er lagt ned et enormt arbeid både frå ansatte og familie dei siste åra for å halda dørane opne. Røssland og Maria opplyste at huset skulle drivast vidare sjølv om det vart seld, men at dei ved eit sal ville fremja tilbod om kjøp også av driftselskapet.

Dette er kommentaren til Røssland om det som no skjer:

-En vil starta med å takka alle som har vitja oss og gjort sitt til at tida vår i huset kjem til å bli eit minne for livet både for meg og alle som har jobba der. Det er trist for oss å stengje dørane, men alt arbeidet som er lagt ned av meg og Maria og familien er gjort vederlagsfritt. Ein slik situasjon går berre til eit visst punkt og dit har vi no kome.

-Korleis er den økonomiske situasjonen?

- Vertshuset ligg i selskapet Verdiutvikling, som diverre slit med dårlig likviditet på grunn av manglande oppgjer frå fleire eiendomssal. Det er på noverande tidspunkt ingenting som tilseier at selskapet vil motta desse oppgjera og det blir vurdert fortløpande å melda oppbud i selskapet. Vi vurderte det allereie etter sommarsesongen slik at sjansane var små for at eigedomen kunne liggja i dette selskapet over lengre tid slik situasjonen såg ut.

Det vart difor bestemt å leggja Vertshuset ut for sal på ordinær måte. Diverre ville ingen tilby det prisforlangende som var ein føresetnad for innløysing av kreditorar. Dette har nå resultert i at eit advokatfirma skal avhende eigendomen.

På denne måten vil ny kjøpar kunne overta han fri for heftelsar. Vi håpar "den rette" vil overta og at det etter igjen kan bli liv i bygget, seier Røssland

Denne helga er det julebordbuffet og dans på fredag med EDO, laurdag er det dans og disco for det noko yngre klientellet.

Røssland ønskjer alle velkome til denne avslutningshelga.

Av Ola Matti Mathisen



Røssland ved Vertshuset då han kjøpte det sommaren 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)